



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Monika Haugland, 5557 2330

Vår dato  
14.10.2011  
Dykkar dato

Vår referanse  
2011/6861 443.2  
Dykkar referanse

Arna Sportsfiskarlag  
PB 55  
5888 BERGEN

### Feilvandring av Vossolaks til Storelva i Arna - orientering

Redningsaksjonen for Vossolaksen starta for nokre år sidan ei oppskalering av produksjonen av smolt. Størstedelen av denne Vossosmolten er slept i tank frå utløpet av vassdraget og ut mot kysten. Første slep av ei slik stor gruppe Vossosmolt vart gjort i 2009. Fisken kan kjennast ved at feittfinnen er klypt av.

Fangstar og observasjonar gjort i sesongane 2010 og 2011 viser at feilvandring frå slepene utgjør ein betydeleg del av gytefisken i Storelva i Arna. I 2011 var nær 30 % av fangstane i det ordinære fisket i Storelva feittfinneklypt laks. Ein reknar med at omkring 5 % feilvandring er naturleg mellom naboelvar.

Kvar stamme av villaks har gjennom naturleg seleksjon vorte tilpassa tilhøva i si elv. Sjølv nabostammar kan difor ha relativt ulike særtrekk, til dømes når det gjeld vekst, storleik og kroppsform. Tilpassingar i atferd og fysiologi kan vere meir vanskeleg å få auge på, men er likevel svært viktig for stamma si overleving og produksjon over tid. Forskjellane mellom stammar er gjerne større dersom elvane er svært ulike, slik tilfellet er med Storelva og Vosso.

Bevaring av eigenarten til kvar stamme ligg til grunn for forvaltninga av villaks i Norge.

Vi er kjent med at det er tvil rundt opphavet til dagens stamme i Storelva. Ein kan i dag likevel ikkje utelukke at ein del av den opphavlege stamma har vore med og danna det genetiske grunnlaget. Stadeigen stamme kan ha hatt høgare reproduktiv suksess enn rømt oppdrettsfisk og kultivert fisk tilført frå andre stammar. I tillegg kan det ha skjedd visse tilpassingar frå midten av 70-talet og fram til i dag.

Laksestamma i Storelva skal difor forvaltast som eigen stamme.

Fylkesmannen i Hordaland leier redningsaksjonen for Vossolaksen, og har gitt løyve til smoltslepa. Vi vil difor bidra til å redusere innslaget ved å sørge for uttak av feittfinneklypt laks frå Storelva. Uttaket vil bli organisert og utført av Uni Miljø LFI i samarbeid med Arna Sportsfiskarlag, etter løyve frå oss. Uttaket vil bli utført før gytetida.

Vi vil også nytte høvet til å takke Arna Sportsfiskarlag for godt samarbeid med innsamling av data og merker under det ordinære fisket, og håpar vi kan fortsette dette komande år.

Med helsing

Egil Hauge e.f.  
seksjonssjef

Monika Haugland  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*